

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Deres ref.:                      Deres brev av:

Vår ref.:  
16/00224-3

Sted / Dato:  
Ålesund, 28.06.2017

## **Kommentar til innkomne høyringsuttalar for Rødøla kraftverk.Saksnr. 201004191**

Tafjord Kraftproduksjon AS vil nytte fallet i Rødøla mellom kote 540 og kote 451 i eit nytt småkraftverk som har fått namnet Rødøla kraftverk.

Det er planlagt å byggje eit Coandainntak i utløpet av Heimste Rødalsvatn, overføre en sidebekk via en kanal til inntaksdammen. Grave ned turbinrøyr med diameter 1200 mm i heile si lengd på 750 m. ned til planlagt kraftstasjonsbygg ved Zakkariasvatnet (kote 450 moh).

Det søkjast om bygging av ca. 20 m ny permanent veg, medan mellombels veg er anslått til ca. 500 m.

Konsesjonssøknad vart sendt inn i 2010 og i 2016 tatt til handsaming som ein del av småkraftpakke Norddal med totalt fire prosjekt.

Det er kome inn uttalar til småkraftpakka frå totalt ni høyringspartar.

Desse er: Direktoratet for Mineralforvaltning, Fylkesmanne i M&R, Kystverket, Mattilsynet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Mørenett AS, Naturvern forbundet i MR, Norddal kommune og Statens Vegvesen region midt.

Når det gjeld Rødøla kraftverk er ingen som har kome med motsegn til prosjektet, men nokre tilhøve vel vi å kommentere.

### Naturvernforbundet v. Øystein Folden:

Meiner det er uheldig med regulering av Heimste Rødalsvatn og ønsker at inntaksdammen vert kledd med stein og torv.

Tafjord Kraftproduksjon AS sitt svar:

Når det gjeld regulering må det være ei misstyding. Våre planar omfattar ikkje regulering av Heimste Rødalsvatnet. Undervegs i prosjektet vurderte vi ei lita regulering innanfor naturlege sesongvariasjonar i vatnet. Den økonomisk gevinsten var for liten og denne løysinga vart lagt til sides. Størrelse og plassering på betongkonstruksjonane i inntaksdammen gjer at den vert lite eksponert frå vegen. I flaumsituasjonar er det store vassmengder som må renne over betongkonstruksjonen og det er uråd å kle den med torv og svært utfordrande å kle den med stein. Vi vurderer det og som unødvendig ut frå størrelse og plassering.

### Møre og Romsdal Fylkeskommune:

Påpeikar potensialet for kulturminner og kulturmiljø og vil ha tilsendt detaljteikningar så snart det er klart. Vidare at overføring av sidebekk, id 099-7-R vil endre miljøtilstanden for denne.

Tafjord Kraftproduksjon AS sitt svar:

Kjende kulturminner, kulturmiljø og historier frå området er nøye omtalt i konsesjonssøknaden kapittel 3.10. Detaljplan for ei eventuell utbygging vil bli sendt på høyring til kulturminneavdelinga ved Møre og Romsdal Fylkeskommune. Når det gjeld endra miljøtilstand for sidebekk så gjeld det ei strekning på om lag 200 m nedanfor inntaket til overføringskanalen som er omtalt i konsesjonssøknaden.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Går ikkje imot konsesjon til Rødøla kraftverk under føresetnad om at det blir slept ei minstevassføring som omtalt i søknaden.

Norrdal kommune:

Ser positivt på bygging av småkraftverk som er i samsvar med kommunens planar for å satse på fornybar energi.

Mørenett AS.

Stadfestar at der er ledig kapasitet for overføring av kraft frå Rødøla kraftverk.

Med helsing  
Tafjord Kraftproduksjon AS



Stig Falling  
adm. direktør